

*** Regjeringas Europautredning**

Landbruk og fisk er **unntatt** frå EØS-avtalen. Men 60 prosent av reglane som blir tatt inn i avtalen, gjeld mat- og matproduksjon.

EØS styrar matpolitikken

Noreg er med på tre fjerdedelar av EU-samarbeidet. Den samla norske tilpassinga til EU er svært omfattande. Dette var hovudkonklusjonen då den regjeringsoppnemnde Europautredningen la fram sin rapport i går.

– Eg har jobba med EU i 20 år, og vart overraska undervegs i arbeidet av alle dei små sakene der Noreg er tilpassa EU, sa utvalsleiar Fredrik Sejersted då han la fram rapporten.

Styrar maten

Eit av felta der Noreg i stor grad har blitt tilpassa EU, er matområdet. Landbruks- og fiskerifeltet vart teke ut avtalen då han vart forhandla fram tidleg på 1990-talet. Likevel gjeld heile 60 prosent av det totale EU-regelverket Noreg tek inn gjennom EØS-avtalen mat- og matproduksjon.

– Vi overtek stadig meir av regelverket, seier Frode Veggeland, forskar ved Norsk institutt for landbruksøkonomi (NILF).

Overraskande

– Kor overraskande er det at 60 prosent av EØS-avtalen regulerer matsektoren?

– Når ein ser på heile avtalen, er det litt overraskande at så mykje faktisk gjeld mat. Samstundes handlar EØS-avtalen om tekniske reglar for å fjerne handelshindringar for den indre marknaden, seier Veggeland.

Han legg til at om ein ser bort frå tollbarrierar, er Noregs matproduksjon harmonisert med EU.

Like reglar

Mykje av tilpassinga til EU handlar om mattilsyn og kontrollar.

– På dette området har vi eit regelverk som i stor grad er identisk med EU sitt. Norske fagmyndigheiter er i mindre grad enn

før med på å lage norske reglar. EU-regelverket gir lite rom til å ta omsyn til lokale forhold, seier Veggeland.

Mattilsynet reknar at 90 prosent av regelverket dei opererer ut frå, er basert på ein eller fleire EU-lovar eller direktiv. I tillegg brukar Mattilsynet så mykje som 35 årsverk til EU-relatert arbeid. Dessutan reknar dei med at 48 prosent av alt det arbeidet dei gjer med regelverk er knytt til utvikling og gjennomføring av EU-reglar. Mattilsynet deltek årleg på mellom 200 og 250 møte i Brussel. Dette gjer dette tilsynet til det norske forvaltningsorganet som deltek på flest møte i EU-hovudstaden.

Utan strid

– Mange av reglane er uproblematisk for alle. Men dei konfliktsakene vi har hatt, for eksempel knytt til veterinæravtalen, viser kvifor det ikkje er meir strid om spørsmålet. Årsaka er at handlingsrommet til å seie nei frå politisk hald blir oppfatta å vere svært lite. Det ligg i EØS-avtalens natur



OVERRASKA

« Vi visste at det var mykje, det merkar vi i kvardagen. Men eg blir likevel overraska over omfanget »

NILS T. BJØRKE
LEIAR I NORGES BONDELAG

Fakta

Europautredningen

* I tillegg til leiar Fredrik Sejersted har desse vore medlem av utvalet: **Peter Arbo** frå Fiskerihøgskolen **Kate Hansen Bundt**, frå Den norske Atlanterhavskomiteé, **Jon Erik Dølvik** frå Fafo, **Fredrik Brøckman Finstad** som er advokat, **Lise Rye** frå NTNU, **Dag Seierstad** som er EØS-rådgjevar, **Helene Sjursen** frå UIO, **Liv Monica Barbem Stubholt** frå Aker, **Jonas Tallberg** frå Stockholms universitet, **Karen Helene Ulltveit-Moe** frå UiO og **Frank Aarebrot** frå UiB.

at ein ikkje lager bråk, seier Veggeland.

Merkar EU

– Vi visste at det var mykje, det merkar vi i kvardagen. Men eg blir likevel overraska over omfanget, seier Nils T. Bjørke, leiar i Norges Bondelag.

Bondelagsleiaren karakteriserer situasjonen som utfordrande.

– For oss er dette ei utfordring, sjølv om ikkje alt slett ikkje er ille. Men mykje av regelverket gir merkelege utslag, fordi ein ikkje er villig til å ta omsyn til lokale tilhøve, seier Bjørke.

Hildegunn Gjengedal, som er rådgjevar for Bondelaget, seier at det er eit problem at det er for lite debatt om reglane frå EU.

– Vi får for lite debatt om dei sakene som er vanskelege fordi spørsmålet ikkje kjem opp her før det nye regelverket er i ferd med å bli sett i verk, seie Gjengedal.

ASTRID SVERRSDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no

nationen.no

Les hele Europautredningen og diskuter på nationen.no.



Overleverte rapport: Utvalsleiar Fredrik Sejersted overleverte Europautredningens

Jonas Gahr Støre

Utenriksminister Jonas Gahr Støre (Ap) mener EØS-avtalen har utviklet seg slik Norge forutså. Han avviser påstanden om at det norske folk er ført bak lyset.

Tirsdag fikk utenriksministeren den 900 sider lange utredningen med analyser og beskrivelser av Norges avtaler med EU, i hovedsak EØS- og Schengen-avtalene. Den to kilo tunge mursteinen ble overlevert av professor Fredrik Sejersted ved Institutt for Europarett under et smekkfullt folkemøte på Litteraturhuset i Oslo.

– Hovedtrekkene i det som er beskrevet her, ligger tett opp til intensjonen fra 1994 om hvordan

vi skulle løse samarbeidet med EU. Siden da har seks regjeringer og seks valgte storting gjentatt sin støtte til EØS, så jeg deler ikke oppfatningen om at noen er ført bak lyset, sa Støre.

Verken null eller 100

Utenriksministeren prøver ikke å bortforklare at EØS-byggverket har demokratiske svakheter, i form av manglende norsk deltagelse når EU vedtar lover som også vil berøre Norge. Men det